

## Innspel til Fitjar kommune – Framlegg til budsjett

Dåfjord Næringsforum (DNF) ynskje å komma med fyljande innspel til budsjett for 2021 og økonomiplan 2021-2024

**Parkeringsplass ved Selevik skule.** Parkeringsplassen har over lang tid vore ei stor utfordring til tross for delvis oppgradering og utviding. Slik den framstår i dag er den framleis både underdimensjonert og med på å skapa trafikkfarlege situasjonar.

DNF håpar difor Fitjar kommune kan finne midlar i budsjettet til oppgradering av parkeringsplassen ved Selevik Skule.

**Bussruter som prøveordning.** Eit kollektivtilbod står høgt på ynskelista til Dåfjordingar. I tillegg til ringbuss i sentrum håpar me difor Fitjar kommune også ser på moglegheit for ei prøveordning med bussruter til Dåfjorden.

**Forslag til kutt av SFO.** Til sist vil me kommentere forslaget frå rådmannen om å legge ned SFO på Selevik og Øvrebygda skule.

Skal ein lukkast med å vere ein attraktiv kommune å etablere seg i er det er ikkje tilstrekkeleg å ha eit tilbod, ein må skape trygghet om at tilbodet vil vere der den dagen ein treng det. Sjølv om forslaga ikkje vert vedteke er dei med å skape konstant uro og usikkerheit kring skulane i krinsane, noko som igjen undergrev kommunens eige mål om befolkningsvekst.

DNF synes difor det er ekstra beklageleg at der vert lagt fram slike forslag, også når der tilsynelatande ikkje er politisk vilje til å gjennomføre kutta og dei ikkje samsvarar med vedtatt skulebruksplan.

Me ynskjer lukke til i vidare budsjettarbeid og håpar innspela frå DNF vert tatt til fylje.

Med venleg helsing

Dåfjord Næringsforum